



Skorpo-anlegget ligg no ved det øverste punktet på skissa.

Administrasjonen i kommunen har no gjeve Sjøtroll Havbruk grønt lys for utviding av oppdrettsanlegget utanfor Skorpo utan konsekvensutgreiing.

Selskapet søkte tidlegare i denne månaden om utviding frå 3.120 til 4.680 tonn biomasse.

Sjøtroll Havbruk viste til eventuelt krav om konsekvensutgreiing, men saksbehandlar Arne Handegard i kommunen viser til at lokaliteten ved Skorpo er tidlegare godkjent og ligg utanfor planlagt område i kommunedelplanen for Rosendal-området.

Sidan det foreligg godkjenning reknar kommunen arealbruken som avklara i høve til andre interesser og ser det såleis unødvendig med eigen konsekvensutgreiing.

Oppdrettsanlegget ved Skorpo vart for få år sidan utvida og flytta litt utover i fjorden i samband med at eit anlegget ved Eidsvikøy vart fjerna.

Før var taket for anlegget 1.560 tonn biomasse.

Av Ola Matti Mathisen